

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.02.2012
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per januar 2012**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 023/12 B

Styremøte 07.03. 2012

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2012 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per januar 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 74 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 79 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren og innan psykisk helsevern er i hovudsak høgare enn til same tid i 2011. Unnataket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for barn og unge, kor aktiviteten er litt lågare.

Talet på fristbrot har halde seg stabilt dei tre siste månadene, medan talet på langtidsventande i sum har gått litt ned den seinaste månaden. Talet på korridorpatientar per dag innan somatikk og psykisk helsevern har og halde seg stabilt, og ein kan ennå ikkje sjå nokon effekt av samhandlingsreforma på talet korridorpatientar. Dette i forhold til innføring av betaling frå første dag for utskrivingsklare patientar innan somatikken. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar ligg rett over 75 % både innan somatikken og psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i januar er kr 68 mill som er kr 23,7 mill betre enn budsjettet. Etter ein månad rapporterer føretaka ein prognose som er lik budsjettet resultatkrav. Helse Førde har etablert ei tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Etter ein månad har denne hatt ein effekt på kr 1,7 mill som er om lag det doble av den periodiserte planen. Helse Fonna har ein tiltakspakke retta mot bemanningsområdet på i overkant av kr 44 mill. Det er pr. januar ikkje rapportert inn effekt frå denne. Det er pr. januar ikkje etablert tiltaksrapportering frå Helse Stavanger og Helse Bergen. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i januar på 77 prosent, opp frå 75 prosent i desember. Inntrykket av det regionale helseføretaket er på 61 prosent, opp 4 prosentpoeng frå desember.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. januar 2012.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetensnivået per januar 2012, samanlikna med tal for januar 2011. Når ein som no berre samanliknar to enkeltmånader kan små absolutte endringar i tala gje store prosentvise utslag.

 Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status	=
Somatikk				
Aktivitet målt i DRG-poeng	4,5%	1,5%		
Aktivitet målt i opphald	5,0%	1,5%		
Poliklinisk aktivitet	8,7%	4,5%		
Psykisk Helsevern for Barn og unge				
Aktivitet døgbehandling	18,8%	2%		
Aktivitet dagbehandling	-1,2%	5%		
Psykisk helsevern for voksne				
Aktivitet døgbehandling	4,3%	2%		
Aktivitet dagbehandling	12,7%	5%		

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert om lag 22 500 DRG-poeng ved helseføretaka den første månaden i 2012. Alle dei fire helseføretaka hadde ein høgare DRG-produksjon enn i januar 2011. Det samla talet sjukehusopphald var nær 22 000. Av føretaka hadde berre Helse Fonna HF eit lågare aktivitetsnivå enn året før. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 82 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2012, enn til same tid i 2011.

Psykisk helsevern


I januar 2012 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn høgare enn i 2011, medan talet dagopphald og polikliniske konsultasjonar var lågare. Talet liggjedøgn i januar var om lag 1400, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var 10 600. Helse Fonna HF hadde om lag same døgnaktivitet som i 2011, medan dei tre andre helseføretaka hadde ein høgare aktivitet. Helse Bergen og Helse Førde hadde færre dagbehandlingar enn førre år.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var høgare enn i januar 2011, både målt i talet liggjedøgn og i talet dagopphald og polikliniske konsultasjonar. I absolutte tal har det blitt generert om lag 22 800 liggjedøgn og gjennomført 22 200 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Helse Stavanger har generert fleire liggjedøgn enn i 2011, medan det berre er Helse Førde HF som har ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn i januar 2011.

2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i januar 2012 var på 74 dagar (63 dagar for prioriterte og 94 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretaka for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av januar 2012 var 79 dagar, fordelt på 56 dagar for prioriterte og 107 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetida for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 79 dagar ved utgangen av januar. For pasientar med prioritet var ventetida 57 dagar, og for pasientar utan prioritet 105 dagar. I figuren nedanfor er den samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i januar 2012, så var dei 63 dagar for prioriterte og 94 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 74 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 55 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 80 dagar ved utgangen av januar 2012. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 57 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar innan BUP som starta behandling i januar 2012 var 71 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 69 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 92 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for voksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for voksne var 78 dagar ved utgangen av januar 2012. Ventetida for ventande med prioritet var 41 dagar og 135 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH voksne



For pasientar som starta behandling innan psykisk helsevern for voksne i januar 2012, var den samla gjennomsnittlege ventetida 54 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 51 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 66 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH voksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2011-jan	1154	4 %	1250	11 %	2404	6 %	1534	14 %
2011-feb	974	4 %	990	9 %	1964	5 %	1157	11 %
2011-mar	849	3 %	971	8 %	1820	5 %	1183	10 %
2011-apr	918	4 %	713	8 %	1631	5 %	1077	10 %
2011-mai	1006	4 %	966	9 %	1972	5 %	1360	11 %
2011-jun	1031	4 %	974	10 %	2005	6 %	1379	12 %
2011-jul	1688	6 %	532	10 %	2220	7 %	1400	14 %
2011-aug	1576	6 %	1249	14 %	2825	8 %	1623	16 %
2011-sep	1192	5 %	1374	13 %	2566	7 %	1427	13 %
2011-okt	1084	4 %	998	10 %	2082	6 %	1209	12 %
2011-nov	878	3 %	915	8 %	1793	5 %	972	10 %
2011-des	914	4 %	658	7 %	1572	5 %	913	8 %
2012-jan	767	3 %	954	8 %	1721	5 %	1034	10 %


I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusera talet langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i det talet langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpatientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridor plassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridor pasientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Så langt i 2012 kan ein ikkje sjå store effektar av samhandlingsreforma som innførte betaling for kommunane frå første dag, for utskrivingsklare pasientar innan somatikken.


Gjennomsnittleg tal korridor pasientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er no at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ikkje innfrir. I januar 2012 var delen epikrisar utsendt innan fristen 76 % innan psykisk helsevern og 77 % innan somatikken.

Epikrisetider		Resultat	Mål	Status	=
Samlet Bilde					
Epikrisetid psykisk helsevern	76%	80%			
Epikrisetid somatikk	77%	80%			

Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



5. Økonomi

5.1 Resultat

	Januar			Hittil pr. Januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	2 767	371	2 397	2 767	371	2 397
Helse Bergen HF	14 380	15 275	-895	14 380	15 275	-895
Helse Fonna HF	-2 932	-3 000	68	-2 932	-3 000	68
Helse Førde HF	-3 005	-3 333	329	-3 005	-3 333	329
Helse Stavanger HF	4 664	4 116	548	4 664	4 116	548
Kjøp av helsestenester	53 036	31 871	21 165	53 036	31 871	21 165
Administrasjon morselskap	1 947	-119	2 066	1 947	-119	2 066
Helse Vest IKT AS	-2 850	-916	-1 934	-2 850	-916	-1 934
Til saman	68 008	44 265	23 743	68 008	44 265	23 743

Alle tall i heile tusen


Det økonomiske resultatet i januar er kr 68 mill som er kr 23,7 mill betre enn budsjettet. Avslutting av rekneskapen for januar er gjort samstundes med føretaka si avslutting av rekneskapen for 2011, noko som kan medføre at føretaka ikkje går like detaljert gjennom rekneskapen med omsyn til avsetjingar og periodiseringar som dei gjer ved dei ordinære periodeavsluttingane. Helse Vest RHF kvalitetssikrar for tida føretaka sine budsjett med hovudfokus på å avdekke risiko og iverksetjing av kompensierende tiltak.

Samhandlingsreforma

Eit av inntektsområda det er knytt usikkerheit til, er utskrivingsklare pasientar og kommunal medfinansiering. I den månadlege rapporteringa frå føretaka er det derfor etablert eigne målepunkt som

skal gi fortløpande styringsinformasjon. Rapporteringa pr. januar er ikkje komplett og administrerande direktør kjem attende med ein utfyllande status når rapporteringa frå verksemda for februar er klar.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit positivt resultat i januar på kr 4,7 mill som er kr 0,5 mill betre enn budsjettet.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 7,2 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i januar. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 6,7 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 6 mill. Føretaket melder at kr 2,4 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt avvik på lønn på kr 3,6 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 3,5 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Gjestepasientområdet viser eit positivt avvik på kr 1,9 mill.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i januar er på minus kr 2,9 mill som er kr 0,1 mill betre enn budsjettet.

Inntektene totalt denne månaden viser eit positivt avvik på kr 1,6 mill og kjem i all hovudsak frå auka aktivitetsnivå samt ein auke knytt til behandling med kostnadskrevjande medisinar. Føretaket melder at dei på grunn av usikkerheit rundt regelverket for handtering av utskrivningsklare pasientar har valt å gjere eit forsiktig estimat for inntekter knytt til dette området.

Personalkostnadene inkl. innleige av personell viser denne månaden eit negativt avvik på kr 0,9 mill. Føretaket rapporterer ei positiv utvikling innan lønnsområdet generelt og knytt til overtid/ekstrahjelp og innleige spesielt og melder om fortsatt fokus på dei klinikkane der utfordringar med å tilpasse personalkostnadane til det vedtekne driftsnivået er størst.

Kostnadane til medisinske varer og tenester har eit positivt avvik på kr 0,5 mill. Kostnadene knytt til gjestepasientar viser eit negativt avvik på kr 0,9 mill. Varekostnadene knytt til føretaket sin eigenaktivitet viser eit negativt avvik denne månaden på kr 0,4 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Andre driftsutgifter viser denne månaden eit negativt avvik på kr 2 mill. Avviket skuldast hovudsakleg auka kostnader til drift av bygg og anlegg, kostnadene til kjøp av vaskeritenester, IKT og andre tenester utover det som var budsjettet.




Alle tall i heile tusen

Resultatet for januar viser eit overskot på kr 14,4 mill som er kr 0,9 mill svakare enn budsjettert.

Sum driftsinntekter er kr 2,1 mill høgare enn budsjettert og skuldast hovudsakleg høg aktivitet i føretaket. Helse Bergen melder om stor risiko knytt til gjennomføringa av samhandlingsreforma og inntektene for utskrivingsklare pasientar. Føretaket vil jamleg rapportere tall på dette til Helse Vest.

Kostnadssida har eit negativt budsjettavvik på kr 0,2 mill. På lønn og innleige er det eit negativt avvik etter korreksjon for pensjon på kr 3,7 mill. Avviket på varekostnad medikament er knytt til implantat, laboratorierekvisita og medisinske forbruksvarer. Vidare er det eit negativt avvik knytt til biologiske legemiddel på i underkant av kr 1 mill. Mykje av desse meirkostnadane må sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i januar og tilsvarande meirinntekt. Når det gjeld kjøp av helsetenester er det i januar eit stort etterslep i fakturering frå andre føretak. Føretaket har gjort avsetjingar for kjende kostnader og for usikkerheit, men det er framleis usikkert om avsetjingane er store nok. Finanspostane har eit positivt budsjettavvik på kr 1,4 mill denne månaden.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet for januar viser eit underskot på kr 3 mill som er kr 0,3 mill betre enn budsjettert.

Inntektene er etter ein måned kr 1,4 mill lågare enn budsjett medan kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 1,7 mill. Lønnskostnadane er om lag i budsjettbalanse medan det er eit meirforbruk på kr 0,8 mill knytt til varekostnader. Andre driftskostnader har eit mindreforbruk på kr 1,5 mill og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 0,9 mill.

Kjøp av helsetenester

Etter ein måned er resultatet kr 21,2 mill betre enn budsjettet. Det positive avviket skuldast hovudsakleg at deler av budsjettet er fordelt jamt ut over året utan at det er rekneskapsført tilsvarande i januar. Dette vil venteleg jamna seg ut framover.

Administrasjonen

Resultatet pr. januar er kr 2,1 mill betre enn budsjettet og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt i årets første måned.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i januar er kr 2,8 mill som er kr 2,4 mill betre enn budsjettet. Inntektene er kr 1 mill over budsjett og driftskostnadane er kr 1,4 mill lågare enn budsjettet. Finansinntektene er om lag som budsjettet.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i januar er minus kr 2,9 mill som er kr 1,9 mill svakare enn budsjettet.

5.2 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	13 900	13 900	0
Helse Bergen HF	167 000	167 000	0
Helse Fonna HF	0	0	0
Helse Førde HF	-40 000	-40 000	0
Helse Stavanger HF	50 000	50 000	0
Kjøp av helsestenester	40 000	40 000	0
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	231 900	231 900	0

Alle tall i heile tusen

Etter ein måned rapporterer føretaka ein prognose som er lik budsjettet resultatkrav.

5.3 Omstilling

Helse Førde har etablert ei tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Etter ein måned har denne hatt ei effekt på kr 1,7 mill som er om lag det doble av planen.

Helse Fonna har ein tiltakspakke retta mot bemanningsområdet på i overkant av kr 44 mill. Det er pr. januar ikkje rapportert inn effekt frå denne.

Det er pr. januar ikkje etablert tiltaksrapportering frå Helse Stavanger og Helse Bergen.

5.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av januar 2012 ein netto likviditet på minus kr 403 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) for året.




Alle tall i heile millionar

Likviditeten vil bli lågare mot slutten av året som følge av betalinga av KLP reguleringspremie. Driftskredittramma er fastsett til kr 1,998 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert til å vere tilfredsstillande. Helse Vest har løypande oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Målalet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt sjukefråvær på 4,5 % eller lågare. Per januar 2012 var det samla sjukefråværet på 7,2 % og sjukemeldt sjukefråvær på 5,7 %. Samla sjukefråværsdagsverk for januar 2012 var på 28 331, ein nedgang på 746 i forhold til desember 2011.


Del einingar med samla sjukefråvær under 5,5 % :

Føretaka i Helse Vest 2011-2012	Tal einingar totalt	Tal einingar < 5,5% totalt sjukefråvær	Del under 5,5%
Januar	1466	812	55,39 %
Februar	1484	886	59,70 %
Mars	1495	890	59,53 %
April	1495	962	64,35 %
Mai	1486	944	63,53 %
Juni	1511	971	64,26 %
Juli	1534	994	64,80 %
August	1509	1027	68,06 %
September	1515	987	65,15 %
Oktober	1529	966	63,18 %
November	1499	929	61,97 %
Desember	1537	944	61,42 %
Januar	1496	930	62,17 %

Del einingar med sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % :

Føretaka i Helse Vest 2011-2012	Tal einingar totalt	Tal einingar < 4,5% sjukemeldt sjukefråvær	Del under 4,5%
Januar	1466	877	59,82 %
Februar	1484	932	62,80 %
Mars	1495	918	61,40 %
April	1495	977	65,35 %
Mai	1486	958	64,47 %
Juni	1511	967	64,00 %
Juli	1534	989	64,47 %
August	1509	1025	67,93 %
September	1515	1020	67,33 %
Oktober	1529	993	64,94 %
November	1499	969	64,64 %
Desember	1537	993	64,61 %
Januar	1496	979	65,44 %

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk



Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201102	201202	Endring 2011-2012	% endring
Merarbeid i kroner	46 903 671	49 018 059	2 114 388	5 %
Overtid i kroner	53 780 062	54 719 246	939 185	2 %
Merarbeid i timer	266 951	268 761	1 811	1 %
Overtid i timer	125 464	123 324	-2 140	-2 %
Brutto månadsverk	36 723	37 689	966	3 %


Utviklinga i bruken av variable timar er om lag på same nivå som 2011 og lågare enn dei fleste føregåande åra. Helseføretaka har sett i verk tiltak hausten 2011 som gir ei positiv utvikling så langt.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Rapportering er i tråd med felles nasjonale indikatorar og i tråd med rapporteringskrav frå HOD. Det er ein auke i tal medarbeidarar som registrerar og oppdaterer sin profil i HR systemet. Per 22. februar 2012 har 2.405 medarbeidarar registrert sin profil. For dei faste tilsette som ynskjer høgare stilling er det 511 som ynskjer høgare stilling innan ein månad, 165 det neste halve året, 51 på lengre sikt og 1.357 har svart at det ikkje er aktuelt. Leiarar har starta arbeidet med å finna gode løysingar saman med sine medarbeidarar. Av dei som har fått tilbod om auka stilling har så langt 42 % takka nei til tilbodet, 55 % har takka ja og 3% har enno ikkje tatt stilling til tilbodet. Det er ein god balanse i kva tilbod leiararar tilbyr sine medarbeidarar. 62 % får tilbod om høgare stilling ved eigen eining og 21 % får tilbod om å kombinere stillinga si med tilknytning til bemanningssenter.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd ved utgangen av 2011. Per 20. februar 2012 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten 88,17 %.


Arbeidet med å redusere omfanget av deltid er i positiv utvikling. Per februar 2012 er det 1.388 fleire tilsette i heile stillingar målt i forhold til desember 2010 som er samanlikningspunktet for arbeidet med å redusere bruken av deltid. Føretaksgruppa Helse Vest har samstundes fått den utviklinga ein har peika på med ein glidande auke i stillingsstørrelse for dei som er i deltidstillingar.



Målet om fortrinnsvis bruk av faste tilsetingar syner også resultat. Del faste tilsette har auke i heile 2011 og vi ser same trenden så langt dei første 2 månadene av 2012. Det vil bli gitt ein nærare presentasjon av utviklinga i styremøtet.


Helse Stavanger

Sjukefråvær



66,4 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2012. 67,72 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % for januar 2012.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Stavanger

			Endring	
Helse Stavanger HF	201102	201202	2011-2012	% endring
Merarbeid i kroner	16 325 836	18 688 529	2 362 693	14 %
Overtid i kroner	13 989 322	16 201 659	2 212 337	16 %
Merarbeid i timer	84 932	97 725	12 793	15 %
Overtid i timer	32 077	35 801	3 724	12 %
Brutto månedsverk	10 059	10 469	410	4 %


Helse Fonna

Sjukefråvær



59,92 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 201. 61,18 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % for januar 2012.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år i Helse Fonna

			Endring	
Helse Fonna HF	201102	201202	2011-2012	% endring
Merarbeid i kroner	8 577 349	8 862 653	285 303	3 %
Overtid i kroner	9 318 119	9 469 225	151 106	2 %
Merarbeid i timer	46 329	45 840	-489	-1 %
Overtid i timer	21 942	22 146	205	1 %
Brutto månadsverk	5 470	5 544	75	1 %


Helse Bergen

Sjukefråvær



56,67 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2012.
62,52 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % per januar 2012.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år Helse Bergen

Helse Bergen HF	201102	201202	Endring 2011-2012	% endring
Merarbeid i kroner	17 616 899	17 096 316	-520 584	-3 %
Overtid i kroner	22 104 732	20 647 369	-1 457 363	-7 %
Merarbeid i timer	110 821	101 788	-9 032	-8 %
Overtid i timer	50 943	45 444	-5 499	-11 %
Brutto månedsverk	16 891	17 391	500	3 %


Helse Førde

Sjukefråvær



68,12 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2012.
70,29 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % for januar 2012.

Månadsverk




Oppfølging av variable timar hittil i år Helse Førde

			Endring	
Helse Førde HF	201102	201202	2011-2012	% endring
Merarbeid i kroner	4 383 587	4 370 562	-13 025	0 %
Overtid i kroner	8 367 888	8 400 994	33 106	0 %
Merarbeid i timer	24 869	23 408	-1 461	-6 %
Overtid i timer	20 502	19 932	-570	-3 %
Brutto månadsverk	4 304	4 284	-20	0 %


Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




51,52 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2012.
57,58 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % for januar 2012.

Månadsverk




Sjukefråvær



72,41 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for januar 2012. 79,31 % av einingane har eit sjukemeldt sjukefråvær under 4,5 % for januar 2012.

Månadsverk



7. Omdømme

Omdømme	Resultater	Mål	Status	=
Samfunn				
Tiltru til tjenesten	77	80	●	
Avvik tiltru pasienter/pårøren...	3	0	●	
Inntrykk av det regionale hels...	61	80	●	
Pasienter og pårørende				
Avvik tiltru pasienter/pårøren...	3	0	●	
Avvik tiltru pasienter og pårø...	-0	0	●	

7.1 Tiltru til tenesta – januar måned

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltru).


Prosentdelen som har svært eller ganske stor tiltru til spesialisthelsetenesta er i januar 2012 på 77 prosent. I desember 2011 var denne på 76 prosent. Sjølv om dette fortsatt ligg under snittet for alle målingane (79 prosent), fortset altså tiltrua å krype oppover, etter bunnmålinga i november 2011 som var på 75 prosent.

Det er fortsatt ein liten oppgang i tiltrua i Helse Stavanger. Størst oppgang finn vi i Helse Fonna med +8 prosentpoeng. Denne oppgangen er statistisk signifikant. For Helse Bergen er nivået omtrent det same som i desember, med berre ein liten nedgang. Vi ser ein litt større tilbakegang i Helse Førde. Denne er akkurat for liten til å vere statistisk signifikant.

Rangert meget stor tiltru eller ganske stor tiltru

Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Stavanger	80%	●
2	Helse Bergen	77%	●
3	Helse Fonna	76%	●
4	Helse Førde	70%	●

Utvikling over tid meget og ganske




7.2 Forskjell i tiltrua i gruppa pasient/pårørende samanlikna med gruppa andre

Forskjellen mellom dei som har vore pasientar/pårørende og dei som ikkje har vore i kontakt dei tre siste åra, er i januar +3 prosentpoeng. Dette betyr at den samla tiltrua er litt større blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei tre siste åra. For dei som er nøytrale eller har godt inntrykk, er målinga på 85 %.

7.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket er i januar på 61 prosent, og det er eit hopp på 4 prosentpoeng frå desember. Vi må tilbake til august 2011 for å finne sist gang inntrykket var over 60 %. Dette er over snittet for alle målingane sidan mai 2008, som er inkludert denne målinga på 57,8 prosent.



7.4 Forskjell i tiltrua mellom gruppa pasientar og gruppa pårørande:

I januar er denne på 0 prosentpoeng, noko som betyr at tiltrua til spesialisthelsetenesta er lik mellom dei som sjølve har vore pasientar dei siste tre åra samanlikna med dei som har vore pårørande. I desember var dette i favør pasientane med +3 prosentpoeng.